

Saksnr 1/22	Utval Driftsutvalet	Møtedato 08.06.2022
34/22	Kommunestyret	21.06.2022

## **DIGITALISERINGSSTRATEGI FOR STORD KOMMUNE**

### **Framlegg til vedtak/innstilling:**

Driftsutvalet tek digitaliseringsstrategien til orientering.

Utvalet ber rådmannen koma attende til oppfølging av rapporten i samband med rullering av budsjett og økonomiplan.

### **Innstilling:**

Samrøystes vedteke.

### **Røysting:**

Innstilling frå driftsutvalet vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

Driftsutvalet tek digitaliseringsstrategien til orientering.

Utvalet ber rådmannen koma attende til oppfølging av rapporten i samband med rullering av budsjett og økonomiplan.

Vedlegg

1 Digitaliseringsstrategi, Stord kommune.pptx

### **Innleiing (bakgrunn for saka)**

I rapport etter økonomi- og effektiviseringsanalysen utført av PwC i 2020 er det anbefalt at Stord kommune tek eit heilskapleg grep om arbeidet med digitalisering. Potensialet for å redusere ressursbruken i kommunen er ifølgje rapporten stort, samstundes som digitalisering også kan gi betre tenester for brukarane. Forslaget vart følgt opp i budsjettvedtaket for 2021, der kommunestyret ber om at det vert utarbeida ein digitaliseringsstrategi som tydeleg viser plan, område og estimert effekt av tiltaka.

Det vart lyst ut konkurranse for å få utarbeida strategien. Oppdraget vart tildelt PricewaterhouseCoopers (PwC).

Digitaliseringsstrategien vert her lagt fram for politisk handsaming.

### **Saksutgreiing (fakta, saksopplysningar)**

Det er tre faktorar som skapar behov for digitalisering: (1) behov hjå innbyggjarane, (2) behov hjå tilsette og (3) fleire oppgåver og press på dei tilsette.

Eit viktig mål med strategien har i tillegg vore å sikre kompetanseheving og auka forståing for digitalisering i organisasjonen. I fleire aktivitetar har me kombinert kompetanseheving med innspel og involvering.

Oppstart og første samling var i august, prosessen fortsette utover hausten og vinteren ut februar 2022.

Arbeidet med digitaliseringsstrategien har vore breidt forankra, leiarar, tillitsvalde og tilsette i alle sektorane har delteke i prosessen. Arbeidet har vore organisert gjennom workshops og leiarsamlingar. Det vart også satt ned ei prosjektgruppe som har følgt prosjektet heile vegen. I arbeidsmøta har både tilsette, leiarar og tillitsvalde kome med innspel og bidrag til tiltak.

I arbeidet med strategien har ein kartlagt brukarbehov både hjå tenestemottakarar og tilsette, samt kartlagt og prioritert digitaliseringstiltak.

Det er også utarbeida målbilete for alle sektorane. Innanfor enkelte av områda handlar målbileta om å styrkje tenester som Stord kommune allereie har, medan andre krev at det blir etablert nye tenester og arbeidsmetodar.

Strategien har munna ut i ei prioritert tiltaksliste for alle sektorane.

Det er utarbeida eigne strategiar for barnehage og skule. Stord kommune sine strategiar for digitalisering i barnehage og i skule skal vera ein del av kommunen sin overordna digitaliseringsstrategi. Det vil sei at generelle moment som personvern, sakshandsaming, nettverk og administrativt arbeid, som gjeld alle kommunale einingar, berre vil inkluderast i strategi for digitalisering i barnehagen og i skulen i den grad det gjeld særskilt for desse. Strategi for barnehagen vil bli lagt fram for handsaming i kommunestyret og vil gjelda frå barnehageåret 2022/2023.

### **Status for digitaliseringsarbeidet i Stord kommune**

Kommunen er kome godt på veg i å ta i bruk nasjonale digitale felleløysingar. Samstundes har kommunen rom for vidare utvikling og forbetring. For dei administrative einingane er det fleire manuelle rutinar som kan digitaliserast. Innanfor rehabilitering, helse og omsorg kan ein ta i bruk velferdsteknologi i større grad. For oppvekst er det mange arbeidsoppgåver og rutinar som vil bli digitalisert ved innføring av skuleadministrativt

system. I tekniske tenester er det mellom anna behov for å betre utnytta digitale plattformer for informasjonsdeling.

Kommunen er med i Digi Vestland. Digi Vestland er eit samarbeid om felles digitaliseringsinitiativ mellom vestlandskommunane. Føremålet med samarbeidet er å understøtte KS i deira arbeid med nasjonale og felles kommunale satsingar på digitaliseringsområdet. Digi Vestland skal også støtte kommunane i digitaliseringsarbeidet og vera bindeledd mellom den enkelte kommune og KS. Stord kommune er involvert i dette arbeidet gjennom deltaking i styringsgruppa, Digitaliseringsutvalet og i dei ulike faggruppene. Ulike tiltak vil vera aktuelt å gjere i samarbeid gjennom DigiVestland.

### **Prioritering av tiltak**

Digitaliseringsstrategien inneheld ein handlingsplan med fleire konkrete tiltak. Oppfølgingstakten vil ein koma endeleg tilbake til ved rullering av budsjett og økonomiplan.

### **Organisering av digitaliseringsarbeidet.**

Rådmannen vil vurdere om kommunen er føremålstenleg organisert i høve porteføljestyling og innføring av IKT-løysingar, og ein må sjå på ansvarsdeling og grensesnittet mellom fag og tekniske løysingar. Det er satt i gang ein prosess på dette, saka er i første omgang handsama i AMU.

### **Vurdering**

Rådmannen meiner at den føreliggjande digitaliseringsstrategien vil vera eit godt grunnlag for det vidare arbeidet med digitalisering av arbeidsprosessar og tenester i Stord kommune.

### **Økonomiske og administrative konsekvensar**

Dei ulike tiltaka må kostnadsreknast og ein lyt ta stilling til oppfølgingstakt ved rullering av budsjett og økonomiplan. Det er potensiale for å redusere ressursbruken i kommunen, samstundes som innføring av digitale løysingar også har ein kostnad.

I år er det satt av kr 0,89 mill. til oppfølging, som mellom anna vert nytt til innføring av nytt skuleadministrativt system.

### **Konklusjon**

Ein gjer framlegg om at kommunestyret tek digitaliseringsstrategien til orientering og ber rådmannen om å koma attende til oppfølging og prioritering ved rullering av budsjett og økonomiplan.